

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: *Büskenid*
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: *Ligdal (Eggedal)*
 Emne: *Skav* Bygdelag:
 Oppskr. av: *Andreas Mørch,* Gard:
 (adresse): *Prestfoss.* G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Fôr er ordet for høg her. I et godt forår er det bra med høg. "Je har bra me' fôr, men lite me halm." Raskefôr = raskehøg, skinnfôr, slikt ein slo på skabbekjengane, i skuggelende og der det ikkje var gjødsla noko på lang tid.

Raskeføring er det ein raskear til gards, så som måsa, oppgrøvne røtar av kviko om våren, gras ein lugga, skar eller hakka av borti skogen, beit og bar.

2. "Dei gamle snakka om beit og bar", brann som her vart kalla prom, nemte dei ikkje som føring. Derimot er prom nemt ved farging. Knut Lien, 80 år gl., meiner oreprom & dei grøne "frøhusa" på ora. Bestefar min, Ole E. Kløgan, snakka om ospeprom.

3. Skava, skavar, skava, skava er vaul. løyving na, men dei gamle sa: skava, skjø, skov, skøvi, og somme nyttar desse formene entil, helst partis. forma skøvi.

4. Skav har vori nytta til dyrefor. Jovan Vikta hinga frå Skand kring 1860; ho fortalte om "leisinga":
 "Allåt de hadde dom beit de røne (küne) i ein haug.

2
på tone', grån å fjerubar, rising å skav." Elles er
det lite å få greie på skav her nå, det gikk ut med
å bruke skav og beit da det vart meir slutt med den
gamle jordbruksmåten (kring 1870) "De hølli sei lengst
bort smættun".

5. "Dom skava mest rogn, silju og asp. Rogn og silju
va den beste skavskaugen, ora va'kje bruknes, og
björka vart ikkje skava." (Knut Lien.)

6-7. Ukjent her.

8. "Både kü, sau og geit fekk skav, somme ga skav
i sørpa te kröttera." (Jöran Vik.)

3313